



Til NVE

Nve@nve.no

Førde, 29.11.2025

Dette brevet er sendt på vegne av DNT Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Naturvernforbundet i Sunnfjord, Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) Sogn og Fjordane og Birdlife Sogn og Fjordane

Uttale til høring av endra søknad om konsesjon om regulering av Selsvatnet, Sunnfjord kommune.

Saksnummer 202205918

Saka

Søknaden om å regulere Selsvatnet har tidlegare vore på høring 1. mars 2024 - 19. april 2024. NVE fekk ein søknad frå Selselva Kraft AS, datert 17. september 2025, med endra planer. Den endra søknaden er send på ny høring med høyringsfrist 1. desember 2025. Etter NVE si vurdering krevst det ikkje kunngjering og brei offentleg høyring av den endra søknaden om å regulere Selsvatnet. Søknaden blir derfor send på ny høring til dei som tidlegare har uttalt seg til saka.

Innleiing

Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane sendte i 2024 også fråsegn til søknad om å regulere Selsvatnet i Sunnfjord kommune. Vi ynskjer å takke for moglegheita til å spele inn våre tankar om endra søknad om regulering av Selsvatnet i Sunnfjord kommune. Fyrst vil vi vise til høyringsfråsegnet vi bidrog med i 2024. Dei argumenta gjeld framleis og vi ynskjer at dette skal takast med i prosessen vidare. Vi ynskjer likevel å kome med eit supplerande fråsegn til søknaden om regulering av Selsvatnet og endringar av denne søknaden, for å poengtere kvifor endringa i søknaden ikkje endrar vårt syn på naturinngrepet dette prosjektet betyr for Selsvatnet.

Forum for natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane, org.nr. 912 265 722 (FNF) er et samarbeidsforum for natur- og friluftslivsorganisasjonar i Sogn og Fjordane, som arbeider for å ta vare på natur- og friluftslivsinteresser i fylket. Per i dag er det 13 organisasjonar tilslutta FNF. Organisasjonane representerer rundt 19.000 medlemmar i fylket. FNF er opptatt av å ta vare på naturgrunlaget kommunane har og fremme et allment tilgjengeleg friluftsliv i kommunen. Endringane i søknaden om regulering av Selsvatnet kan sjå små ut, men dei går fullstendig på tvers av dei reguleringane og føresegna i området som er der for å beskytte dei verdiane som er der.

Vår konklusjon er at endringane i søknaden ikkje påverkar utbygginga nok i positiv retning til at vi kan akseptere den meir enn tidlegare. Vi meina at søknaden av konsesjon om regulering av Selsvatnet må avvistast.

Under vil vi begrunne vidare, kvifor.



Bit for bit nedbygging av inngrepsfri natur

Søknaden om regulering av Selsvatnet – og ikkje minst endringa av den - er del av eit større problem i norsk naturforvaltning. Den norske naturen blir gradvis bygd ned – bit for bit – i eit alarmerande tempo som forskarar har advart mot lenge, men som det måtte ein artikkel frå NRK til, med veldig gode visuelle hjelpemiddel, til for at folk blei klar over. No har vi også fått eit perspektiv på nedbygging av natur i Noreg i Europeisk perspektiv – og det ser ikkje noko betre ut. Dette ansvaret faller, dessverre kanskje, på kommunane i Noreg. Så er spørsmålet, tek kommunane ansvar for det?

Ifølgje Miljødirektoratet har villmarksprega naturområde sidan år 1900 blitt redusert frå omkring halvparten av landarealet til omlag 11,2 prosent i januar 2023. *Frå 1988 til 2023 ble den villmarkspregede naturen i Norge redusert med om lag 2890 kvadratkilometer, eller omlag 7,4 prosent.* FNF ynskjer at det blir bevart fleire større naturområde med inngrepsfri natur for robuste og friske økosystem og sporlaust friluftsliv. Inngrepsfri natur bør liggje minst éin kilometer i luftlinje vekk frå større naturinngrep (INON). For å oppnå dette må ein forvalte naturareal med mindre fragmentering. Mindre fragmentering av naturen vil også gjere økosystem meir robuste og mindre sårbare for endringar (klimaendringar, for eksempel). Fragmenterte naturområder er sårbar natur. Jo meir fragmentert, jo meir sårbar. Fragmentert natur mister økologisk verdi fordi leveområdet til alt som lever der, det biologiske mangfaldet, blir oppstykket og mindre enn dei må vere. Områda kan også stå i fare for å få mindre politisk verdi. Det kan bli lettare å tenke at det går fint å bygge ut meir i eit område der ein allereie har fått bygd ut noko. Det har vi sett andre stadar i Sunnfjord.

Når det kjem til å regulere vassdrag for vasskraftutbygging ser det per no slik ut Sunnfjord kommune og området rundt Selsvatnet (Figur 3). Berre i dette området er det allereie mange småvasskraftverk. Og då tek ein ikkje med alle dei andre typene **nedbygging** av natur som også skjer innanfor same område.

Når søkjaren hevdar at det frå før er mange småkraftverk i området, og at «tiltakets bidrag til samlet belastning er beskjedent», meiner vi det må vere feil oppfatning av nml. § 11. I NOU 2004: 24 (førarbeidet til nml.) er oppfatninga det motsette av den som søkjaren presenterer: Mange inngrep frå før tilseier å vurdere det nye på bakgrunn av den effekten summen av tidlegare inngrep har eller kan ha. Her kjem føre var-regelen (nml. § 9) til rettleiing: Er det fare for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet av tiltaket, skal ikkje mangel på kunnskap om at dette vert eit sikkert resultat, stå i vegen for å avvise tiltaket

1.6 Sammenligning med nærliggende vassdrag

Nærmeste kraftverk i drift bortsett fra Selselva kraftverk, er *Kvamselva kraftverk*, som ligger ca. 2 km i sørøstlig retning. I det samme området er det planer om *Nysna kraftverk* og *Nysnaelva minikraftverk*. På nordsiden, mot Førdefjorden, er det gitt konsesjon til *Hundsåna kraftverk* og *Erikselva kraftverk*. Det er også et mindre kraftverk i drift i dette området, i *Hellevangselva*. I vest, ca. 8 km i luftlinje fra Selsvatnet, er *Bjørnastigsvatnet* regulert. Se Fig.2, under.




Fig. 3: Utbygde og planlagte kraftverk i regionen (Kilde: NVE-Atlas)

FNF meina at dette ikkje er forsvarleg forvaltning av vassdrag i kommunen. Tal på vasskraftverk må drastisk ned. Ein god begynnelse er å ikkje gi løyve til fleire utbyggingar.

Endringane i søknaden - til det betre eller meir bit-for-bit nedbygging?

FNF er redd at endring av søknader er eit strategisk ledd i denne bit-for-bit nedbygginga av natur. Bit for bit søker ein om lov til og litt meir. Eller, om ein er redd for at søknaden om utbygging ikkje skal gå igjennom, kan ein endre søknaden før den er handsama. Då kan ein forsøke å endre premissane for å få lov til å byggje ut, akkurat nok til å få lov å byggje ut.

FNF meina at sjølv med endringa til eit passivt inntak vil det vere gjort endringar i vassføringa som ikkje er naturleg for Selsvatnet og selselva. **Derfor ber vi framleis om at søknaden av regulering av Selsvatnet blir avvist.**

Det burde ikkje vere eit alternativ å bygge ut meir vasskraft i Selselva og ikkje å demme opp Selsvatnet. Begge delar burde vere verna av at området er regulert i kommuneplanen som LNF området og at det same område våren 2025 fekk UNESCO status. Sjølv passiv inntak vil ha konsekvens for dei artane som finst her. Det krev ei viss minstevassføring i naturtypen elvevassmassar (som i seg sjølv er ein nær trua naturtype), og **FNF meina at skal det ikkje vere bygd ut vasskraft i natur i slike områder i det heile.** Spesielt fordi det finst allereie eit oppdemd elvekraftverk i Selselva på ca 600 moh med røyrgate i fjell ned til vegen like ovanfor gardane på Berge.

Å bygge demning enda høgre oppe i høgfjellet må også unngåast. Elva som renn utanfor røyrgata på bakkenivå er viktig å bevare då der alltid må vere ei minstevassføring der ettersom denne elva har økologisk verdi som elvevassmassar som er ein naturtype som er nærtrua, spesielt av nettopp regulering av vassdrag.

Som ein har dessverre sett at det andre stadar i Sunnfjord kommune er at å opne opp får små utbyggingar eller endringar av søknader/løyver fort kan bety ein rullande snøball det er vanskeleg å stoppe. Det å bygge ut, litt og litt, for så å endre premissane for utbygginga litt og litt, anten før eller etter at utbygginga har starta, kan gjere det lettare å få løyve til å bygge ut meir enn det i utgangspunktet var meininga. Det vil vi på det sterkaste rå mot at skal skje her.

For å sikre leveområde for arter og at kommande generasjoner har en rik natur de kan ha glede av, må vi bevare en del av naturarealene gjennom vern og andre virkemidler.

– Stortingsmelding for berekraftig bruk og bevaring av natur (2023-2024)

Urørt natur

Devonfeltet som toppar seg i Storehesten og Blegja er så godt som urørt i den sentrale delen. I vestnorske, snørike fjell nord og sør for Sognefjorden er det registrert artar og vegetasjonstypar som elles er sjeldne. Areala utan inngrep har minka dramatisk i vårt land i etterkrigstida. Flekkane som eg igjen, er viktige om vi skal lukkast med å oppnå måla som no er lovfesta i naturmangfaldlova: Å ta vare på artane med sitt genetiske mangfald på lang sikt og at artane finst i levedyktige omfang i sine naturlege leveområde (nml. § 5). For naturtypar og økosystem er målet å ta vare på dei der dei har si naturlege utbreiing med det artsmangfaldet og dei økologiske prosessane som kjenneteiknar kvar naturtype (nml. § 4). Berre ein del av artar og naturtypar som ein gong fanst, er intakte i dag. I denne samanhengen er også karrig og artsfattig natur viktig. Dei er ulike i samansetning, genetikk og funksjon. Det fører vekk frå dei lovfesta måla å legge avgjerande vekt på naturtypar med mange artar på lista, og ikkje bry seg nemneverdig om dei andre. Storehesten-området har sin særeigne kvalitet i at den sentrale delen har lite eller ingenting av forstyrrende inngrep og endringar. Å regulere Selsvatnet vil endre dette i ein grad som eventuell nytte ikkje kan forsvare.

LNF-område og Unesco-status

Kraftverket som allereie finst i Selselva har vore i drift sidan 2016. Endringane i søknaden om regulering av Selsvatnet kan sjå små ut, men dei går fullstendig på tvers av dei reguleringane og føresegna i området som er der for å beskytte dei verdiane som er der. Natur-, landskaps-, friluftslivs-, og reiselivsverdiane i området må kome betre fram i saka.

Området er for den første regulert til LNF- område, som står for landbruk, natur og friluftsområdet og inneber strenge avgrensingar for bygging og anna verksemd for å bevare desse verdiane. Friluftslivsverdiane i området rundt Selsvatnet er store

her, med Storehesten som eit unik fjell som gjer noko med heile landskapet. Vi viser til motsegnet som vi sendte inn til saka i 2024 for meir gjennomgåande informasjon om friluftslivverdiane i området. FNF fremjar vern av store samanhengande naturområde fordi naturen har eigenverdi, men det er også i vår interesse å bevare desse for det sporlause friluftslivets interesser. Dette området er

I tillegg fekk området Fjordkysten Regional- og Geopar som inkluderer Selsvatnet og Selselva våren 2025 UNESCO status. Det var endå ikkje bestemt då saka var på høyring i 2024, men det låg i korta allereie då. Derfor er Selsvatnet og elva del av eit område med internasjonal verneverdi.

Ein Unesco Global Geopark er definert slik:

Samanhengande geografisk område kor stader og landskap av internasjonal geologisk betydning forvaltes på ein berekraftig måte. I ein Unesco Global Geopark vert den geologiske arven fremheva som ein del av jordas natur og kulturarv, til å auke bevisstheita og forståinga for viktige tema, som å bruke jordas ressursar på ein berekraftig måte, handtere effektane av klimaendring eller redusere effekten av naturkatastrofe. Dette er det mest ettertrakta kvalitetsstampelet for ein reiselivsdestinasjon.

Føremålet med ein Regionalpark er å skape samarbeid mellom aktørar på ulike nivå, på tvers av ideelle og kommersielle interesser. Arbeidet vert bygd på ivaretaking av regionen sitt landskap, kulturarv og identitet. Lokal forankring og forpliktande samarbeid gjev verdiskaping og utviklingskraft. Dugnadsinnsats og sosial verdiskaping vert utløyst gjennom langsiktige partnerskap, samhandling og medverknad. Slik vert berekraftige produkt og opplevingar skapt på lokalbefolkninga sine egne premiss.


Turområde og friluftslivsverdiar.

Søkjaren skriv at området er lite brukt. Dette kan vere rett i samanlikning med masse-turområde. Men ikkje i samanlikning med mange andre turområde i Sunnfjord. Selsvatnet ligg sentralt attmed ruta frå aust til både Storehesten og Blegja. Begge toppane er ettertrakta turmål, til Blægja kanskje mest på ski i ettervinteren, til Storehesten går folk i mange månader av året. Den som går opp Kvamsskaret, kjem nord for Storehesten inn i urørt snaufjell like til toppen av Storehesten og Blegja, der toppane gjev utsyn over store avstandar. Det ser ut til å vere ein tydeleg trend at fleire enn før traktar etter uforstyrra natur både i skog og fjell. Reaksjonane er sterke og utbreidde også mot tilrettelegging med trappemura og grusa stiar. Rendene rundt Selsvatnet i regulert tilstand vil mange oppfatte negativt og skjemmande.

Tiltakshavar skildrar kun turstien som går nedanfor Kårstadstølen via dagsturhytta til toppen av Storehesten. Stinettet og friluftslivverdiane i området er langt meir omfattande enn dette. Området er i Naturbase registrert som svært viktig friluftslivsområde utan tilrettelegging:

<https://geocortex02.miljodirektoratet.no/Html5Viewer/?viewer=naturbase> (15.04.24)

Området rundt Selsvatnet med merka stiar inntegna i biletet under, i tillegg til fleire turruter og alternative trasear enn det som er vist. Turen frå Bygstad opp på Kvamshesten er svært populær.



Undervegs ligg Skaraly den nye dagsturhytta til Sunnfjord kommune. Før turen og løpet Storehesten Opp vart etablert i 2006, var det meir vanleg å følgje stien opp til Storehesten langsmed Selselva. Det er ein fin rundtur å gå opp frå Kårstad, og ned att til Sele. Kjelde: ut.no.

Sjølv om vatnet ikkje blir aktivt regulert, vil det med større passiv regulering av vatnet vere ope for lågare vasstand enn naturleg når det er mindre tilsig av vatn frå nedbørsfeltet. Det kan igjen påverke vegetasjon rundt vatn og gje synleg ei «tappe»-rand rundt vatnet i tørrare periodar. Mest truleg vil det få ein konsekvens for vegetasjonen rundt vatnet sjølv om endringane i søknaden ikkje, ifølgje tiltakshavar, er så «store». Det ynskjer vi ikkje i eit område med UNESCO status og betydeleg naturleg verdi.

Dei irreversible inngrepa som følgje av støyping av ein 15 meter lang demning og regulering av vatnet med opptil ein meter, har også stor betydning for korleis landskapet og naturopplevingar vert når ein ferdast vidare oppe på fjellplatået, til dømes utover mot Blegja i vest (1304 m.o.h.) – som også er eit populært turmål.

Frå søknaden står det «3.14 Brukarinteresser Fjelltoppen Kvamshesten er et mye brukt turmål. Nærmaste punkt på stien mot Kvamshesten er ca. 500 m i luftlinje frå planlagt reguleringsdam i Selsvatnet. Reguleringsdammen vil kunne ses frå deler av denne stien. Området rundt selve Selsvatnet er lite brukt. Søker kan ikke se at tiltaket vil være i konflikt med eventuelle andre brukarinteresser, eksempelvis jakt.»

Her meina FNF Sogn og Fjordane at tiltakshavar viser fullstendig manglande kunnskap både om bruk for lokale formål som jakt, friluftsliv og naturbasert reiseliv.

- Det er stor ferdsel også vidare frå Kvamshesten mot Blegja, både sommar og vinterstid. Då er Selsvatnet ein viktig del av landskapet og opplevinga av urørt natur vil bli sterkt forringa ved eit slik inngrep.
- Det vil også gi betydeleg endring i landskapsverdien for Storehesten sett frå fjorden når det vert betydeleg mindre vatn i elvestrekninga øvst på (550 meter).
- Det er eit området som blir hyppig brukt til friluftslivsformål. Turlaget i Indre Sunnfjord brukar det mykje. Det er plassert Dagsturhytta i området og det er fleire fine fjellturar som blir mykje brukt. Blegja, Storehesten og Dagsturhytta for å nemne nokre.

Avslutning

I lys av verdien av området og ynskje om fleire større samanhengande naturområde ynskjer vi heller å sjå at Selsvatnet og Selselva kan bli restaurerte tilbake til sin opphavlege tilstand som det var før kraftverkutbyggjinga i 2016. Ref. Stortingsmeldinga «Berekraftig bruk og bevaring av natur – Norsk handlingsplan for naturmangfald» frå 2024 der regjeringa foreslår restaurering av natur som eit av mange verkemidlar for å oppnå betre tilstand i økosystema. *Med restaurering rydder vi i gammelt rot og*

får en mer hardfør natur. Det skulle heller være i tråd med UNESCO sine verdimål. FNF viser også til fråsegnen vi sendte inn til høyring av søknaden til regulering av Selsvatnet tilbake i 2024. Argumenta om natur- og friluftsliv i dette området har ikkje endra seg og gjeld endå, sjølv om søknaden er endra og må takast til følgje. FNF har også registrert at det er kome veldig gode motsegn frå Statsforvaltaren og frå Håvard Laukeland om naturtypar og raudlisteartar som vi også ynskjer blir tatt til følgje.

Venleg helsing
Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane

Ket Fossen

Ket Fossen
Koordinator
FNF Sogn og Fjordane



Inngrepsfri natur <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/naturkartlegging/Inngrepsfrie-naturomrader/>

Fragmentert natur <https://snl.no/habitatfragmentering>

Bit-for-bit nedbygging av natur https://www.nrk.no/dokumentar/xl/nrk-avslorer_-44.000-inngrep-i-norsk-natur-pa-fem-ar-1.16573560
https://www.nrk.no/dokumentar/xl/europa-fra-gront-til-gratt_-nordmenn-bygger-ned-mest-natur_-viser-europeisk-kartlegging-1.17577504

Stortingsmeldinga «Berekraftig bruk og bevaring av natur – Norsk handlingsplan for naturmangfold» frå 2024
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-35-20232024/id3054780/>

